

Referat etter møte 1-2012 i Fagleg rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Tid: Måndag 16.april kl 19.00

Stad: Kommunehuset i Naustdal

Til stades:

Kjell O. Hjelbrekke – Indre Sunnfjord Turlag
Erik Solheim – Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Nils Magne Gjengedal – grunneigar Gloppen
Olav Svoen – grunneigar Naustdal
Ole B. Årdal – grunneigar Jølster
Julie Sotnakk Aaland – Sunnfjord næringsutvikling
Inger Elin Nes Hjelle – Reisemål Stryn og Nordfjord
Håkon Myrvang – styreleiar
Rune Holen – Statens Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar

Meldt fråfall:

Hallgeir Hansen – Nordfjord Folkehøgskule
Ole Gimmestad – grunneigar Gloppen

Ikkje møtt:

Lars Indebø – grunneigar Førde
Malvin Barlund – Førdefjella Villreinnemd

Ordstyrar: Håkon Myrvang

Referent: Alf Erik Røyrvik

Saker:

1. Konstituere fagleg rådgjevande utval

Håkon Myrvang opna møtet og det vart teke ei kjapp presentasjonsrunde av dei som sat rundt bordet. HM innleia møtet med å fortelje om styret og styret sitt ønske om eit godt samarbeid med grunneigar- og brukarinteressene. HM fortalte og om verneprosessen og styret sine tankar kring forvaltninga av verneområdet.

Alf Erik Røyrvik greia ut om rolla til utvalet i verneområdeforvaltninga, og ba utvalet diskutere korleis dei vil fungere i praksis og om det skal veljast roller som t.d leiar i utvalet.

Dette vart diskutert gjennom heile møtet. Og til slutt i møtet vart det valt leiar og nestleiar i arbeidsutvalet.

Leiar: Nils Magne Gjengedal

Nestleiar: Kjell O. Hjelbrekke

2. Presentasjon av forvaltninga, styret

AER fortalte litt kort kring dei ulike aktørane i forvaltninga, og kva mynde og ansvar dei ulike aktørane har.

3. Praktisk forvaltning, rutiner, prosessar

AER fortalte kort om korleis saksgangen fungerer i til dømes dispensasjonssaker og klagesaker.

Det vart og snakka litt om faste rutiner og prosessar i forvaltninga av verneområdet.

Rune Holen fortalte litt om korleis bestillingsdialogen fungerer.

4. Midlar til tiltak i og rundt verneområda

a. Tildelt for 2012

AER gjorde greie for kva for midlar som var tildelt for 2012, særleg gjennom bestillingsdialog og styret sine frie midlar. HM informerte om kommunane sine vedtak kring bruken av næringsfondet som vart oppretta samstundes med vernet.

N-G har fått tildela tilsaman 665.000 frå DN for 2012, som skal gå til ulike tiltak.
500.000 skal prioriterast mellom tiltak og tema som styret prioriterte i fjor haust.
65.000 er bundne opp til SNO sine tenestekjøp
100.000 er styret sine frie midlar

b. Kva kan grunneigarar og brukarar søke om pengar til?

AER og RH informerte.

Grunneigarar og brukarar kan søke direkte om midlar til tiltak som går på å ta vare på verneverdiane.

Tiltak som kjem ålmenta til gode og fremjar tradisjonelt friluftsliv er og veldig aktuelt

Typiske føremål:

- Skjøtsel
- Fjerning av uønska artar (les: gran)
- Sikre og legge til rette for ferdsel
- Merking og skilting
- Parkering, informasjon
- Legge til rette for å oppretthalde beitedrift
- Sikre stølsmiljøa

I tillegg vil det ofte vere aktuelt at forvaltninga kjøper tenester av grunneigarar og andre lokale aktørar. Og på den måten brukar midlane lokalt og nyttar dei effektivt.

Styret sine frie tiltaksmidlar kan ein meir søkje på når dei dukkar opp. Mindre midlar. Aktuelt til mindre tiltak, oppdukkande tiltak og delfinansiering.

5. Status på forvaltingsplan

AER informerte: Forvaltningsplanen skal no få fagleg godkjenning av DN om at det er klar for å sendast ut på høyring. Deretter skal den sendast ut på høyring. Forhåpentlegvis skjer dette før sommaren.

6. Innspel frå fagleg rådgjevande utval til Styret.

Innspel frå utvalet til forvaltninga:

Dei som brukar av si fritid til å sitje i utvalet bør få møtegodtgjerdsle frå staten, ikkje berre reisegodtgjerdsle.

Innspel frå grunneigarrepresentantane til styret:

Det bør brukast midlar til tiltak for å sikre beitenæringa i området og til å sikre at heile området kan nyttast til beite.

7. Møteplan for fagleg rådgjevande utval

Utvalet ynskjer i utgangspunktet to møter i året. Neste møte bør vere i månadsskiftet september-oktober eller der omkring, etter at forvaltningsplana har vore ute på høyring, slik at den kan diskuterast.

Som møtestad er Skei ein veldig praktisk plass å ha møte, med tanke på reisetid for dei ulike representantane.

Møtetid: Dette første møtet starta kl 19.00, noko som er ei veldig dårleg tid med tanke på fjøstid.

Dei fleste i utvalet støtta forslag om å legge møta på dagtid. Kl 14.30 vart nemnt som eit godt tidspunkt.

Utvalet uttrykte ynskje om at styreleiar, verneområdeforvaltar og SNO er med på møta.